



## Fylkesmannen i Vestland

LINDÅS KOMMUNE  
Felles postmottak Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

Vår dato:  
25.03.2019

Dykkar dato:

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Rune Johan Mikkelsen, 5557 2181

Vår ref:  
2019/7028

Dykkar ref:

## Kommunebesøk 2019 - oppfølging av skogforynging etter hogst - Lindås kommune

Skogeigarane i Noreg skal sørge for tilfredsstillende forynging etter hogst og sjå til at det er samanheng mellom hogstform og metode for forynging. Fristen er 3 år etter hogst. Nasjonal skogstatistikk syner avvik mellom hogd areal og forynga areal. Særleg Vestandet har lågt forynga areal i høve hogd areal.

Kommunane har eit lovpålagt kontrollansvar knytt til foryngingsplikta i skogbrukslova. Landbruks- og matdepartementet har gjeve styringssignal om at mangefullt kontrollarbeid i kommunane bør få konsekvensar ved tildeling av økonomiske verkemidlar på skogområdet. Kommunane som ikkje utfører dei lovpålagte kontrolloppgåvene i 2019 kan ikkje vente tildeling av NMSK-skogkulturmidlar for 2020.

Fylkesmannen har ansvar for å følgje opp kommunanes arbeid med tilfredsstillande forynging etter hogst. Med bakgrunn i dette vil Fylkesmannen besøke ti kommunar kvart år framover, for rådgjeving og oppfølging av foryngingsarbeidet.

Bakgrunn for val av kommunar kvart år vert i hovudsak omfang av hogst, skogforynging og utførte kontolloppgåver dei siste tre åra.

### Aktuelle tema vil vere

- Gjennomgang av hogst- og foryngingsstatistikk siste tre til fem åra
- Rutinar og sakshandsaming ved fritak frå foryngingsplikta
- Rutinar for oppfølging av skogeigarar som har hogd men førebels ikkje forynga arealet
- Retningsliner for bruk av NMSK-midlar til forynging
- Gjennomgang av foryngingskontrollen i ØKS
- Resultatkartlegging av foryngingsfelt. Kontroll ute av minst eit foryngingsfelt
- Ymse – Om det vert tid i løpet av dagen kan sjølv sagt andre fagtema takast opp

Fylkesmannen vil om kort tid kontakte kvar av årets ti kommunar for å avtale eit høveleg tidspunkt. Før besøket vert det trong til å førebu nokre tal, opplysningar og avtalt resultatkartlegging hjå minst ein skogeigar.



Med helsing

Christian Rekkedal  
landbruksdirektør

Rune Johan Mikkelsen  
fylkesskogmeister

*Dokumentet er elektronisk godkjent*